

Årsmelding

Øystese Kyrkjelyd, jubileumsåret 2018

- godkjent av Øystese sokneråd 05. mars 2019 -

Soknerådet hadde 10 ordinære soknerådsmøte i 2018. I tillegg var det ei rad møte i dei ulike komiteane i soknerådet (trusopplæringsutval, diakoniutval, utval for kunst, kultur og kyrkjemusikk og bygningsutval).

Heile soknerådet m/vara var innkalla og møtte til soknerådsmøta:

Sokneprest Lars Arne Vik

Oddvar Ulltang – leiar

Hans Atle Soldal – nestleiar

Anne Marit Rykken – skrivar

Trude Femsteinevik – kasserar / kontaktperson Himal Partner

Bodil Lie Øyri – Kirkens nødhjelpskontakt

Kjell Arne Gjørn

John Kristian Rykkje

Sidsel Iren Neteland Linga

Varamedlemer:

Anne Luth-Hanssen Oma

Hege Dale

Helge Erik Olsen

Rannveig Linga

Gunnvor Utne Mæland

Årsmøtet i kyrkjelyden vart halde 11. mars. Då vart årsmelding og rekneskap for 2017, godkjent av Øystese sokneråd 06.mars, lagt fram til orientering.

I tillegg til denne årsmeldinga er det utarbeidd og innsendt til Kyrkjerådet "Årsstatistikk for Den norske kyrkja 2018" med tal frå arbeidet i Øystese sokn.

Gudstenester m.m. i Øystese sokn i 2018 (2017-tala i parentes):

Det er halde 26 (30) søndagsgudstenester i Øystese kyrkje med eit snitt på 141 (144) deltakarar.

23 (26) born er døypte. Det var 19 (29) konfirmantar, 7 (9) vigslar og 21 (35) gravferder. Det er halde

utegudsteneste på Sjusete andre påskedag og skulegudstenester. Kvar tredje veke utanom juli er det

andakt i tredje etasje på Øysteseheimen, på dagsenteret på Øysteseheimen og på Mikkjelsflaten. Presten

går og vitjar fast dei som ynskjer besøk i første og andre etasje på Øysteseheimen kvar tredje veke. Også

barnehagane har vore på besøk i kyrkja, tilrettelagt av kateketen.

Totalt tal deltakarar på alle gudstenestene var 3669 (4336).

Offer til kyrkjelydsarbeidet var kr 73.271,- (53.381,-). Offer til lag og organisasjonar vart kr. 63.041,- (kr.60.932,-)

Rekneskapsresultatet for 2018 viser eit underskot på kr. 4.223,- (overskot i 2017 var kr 652,-). Saldo bank ved årsavslutning kr. 29.269,- (kr 33.492,10). Sjå vedlagde rekneskap 2018. Lønsinntektene frå klokkartenesta kr. 20.370,- (kr 19.901,-) er overført til foreldregruppa for ungdomskoret.

Kyrkjeleg fellesråd:

Øystese Sokneråd sine representantar i Kvam Kyrkjelege Fellseråd var i 2018 Oddvar Ulltang (vara Sidsel Iren Neteland Linga) og Hans Atle Soldal (vara Kjell Arne Gjør).

Rådet har halde 5 møter. Viser til eiga årsmelding for fellesrådet.

I januar var det oppstart for arbeidet med å laga reguleringsplan for namna minnelund ved Norheimsund kyrkje.

Nokre saker med særleg relevans for Øystese kyrkjelyd er:

Revidert og prioritert plan for vedlikehald av kyrkjene:

- Oppussing av sakristi
- Utvendig vask og måling
- Utvendig lysesetjing av altavindaugo

Også i 2018 har kyrkjevevje invitert soknerådsleiarane til samtale og felles info, rett etter fellesrådsmøta.

Kyrkjebladet:

Kyrkjebladet for Kvam og Jondal trur me vert lese av ein stor del av bygdefolket og er eit godt bindeledd innan kyrkjelyden.

Redaksjonen av bladet er no knytt til staben i kyrkja, med kyrkjevevje som redaktør, og staben som redaksjonsnemnd. Sokneråda har sine representantar i redaksjonsnemnda. I følgje kyrkjevevje fungerer dette i noko grad – men heller ikkje meir.

Øystese sokneråd sin representant i redaksjonsnemnda har vore Arne O. Øystese.

Jubileumsåret 2018, Øystese kyrkje 150 år

Bispevisitas

Det var gledeleg at jubileumsåret vart krona med bispevisitas 29.05. – 03.06.18. Gode og innhaldsrike dagar med møte og arrangement i heile Kvam. Viser elles til visitasmelding og biskopen sitt visitasforedrag.

Jubileumsveke

Hovudmarkeringa av jubileet var i perioden 23.09. – 03.10.18:

Historisk gudsteneste, Musikalsk føremiddagstreff med m.a. foredrag av Harald Otto Aalvik, temakveld med foredrag av Torgeir Landro frå NLA, kyrkjeklubb, jubileumskonsert, jubileumsgudsteneste og til sist kyrkjekveld med m.a. foredrag av Einar Opsanger.

Jubileumsskrift 1968 – 2018

Stor takk til Helga Margunn Håland, Harald Lundestad, Håkon Norheim og Jarle Sortevik for framifrå arbeid! Me var stolte som kunne dela ut rykande ferske hefte til dei frammøtte på gudstenesta julafta!

Open Kyrkje sommaren 2018:

Soknerådet vedtok på møte 10. april at Øystese kyrkje skulle vera Open vegkyrkje også i 2018. Kontaktpersonane var Hans Atle Soldal, Helge Erik Olsen og Samson Håland jr. Dei hadde med seg følgjande medhjelparar: Svein Ove Duesund, Kjell Arne Gjør, Kjell Helvik, Gro Ålvik, Eli Kvarv, Ann Kristin Teigland, Gerd Vik, Helga Håland og Ragna Helene Vestrheim.

I perioden 08. juni til 19. august, vart kyrkja opna kl.11.00 kvar dag og stengd kl. 21.30, utan vakt. Me har også dette året hatt eit flott samarbeid med Kabuso, som har opna kyrkja kvar dag. Samarbeidet er grunngeve med at kyrkja framstår som ein av tre sentrale kulturberarar i Øystese, saman med Ingrid Vik museet og Kabuso. Om kvelden vart den stengd av vaktkorpset. Open Kyrkje - tilbodet har fungert godt, og mange menneske, mest turistar, men og bygdefolk har nytta høve til ei stille stund i kyrkja, og legg gjerne att ei takkehelsing i gjesteboka. Stor takk til alle som deltok i gjennomføringa!

Kyrkjelydsavtale mellom Øystese sokneråd og Himal Parter.

Øystese kyrkjelyd har samarbeidsavtale med Himal Parter. Tore og Ragnhild Skeie frå Kvam har arbeid som tilsette i Nepal fram til mai 2015. Soknerådet sin kontaktperson er Trude Femsteinevik.

Avtalen omfattar informasjon om arbeidet til kyrkjelyden og innsamling av støtte til dei prosjekta Himal Partner til ei kvar tid treng støtte til. Ved kvar gudsteneste vert arbeidet til Himal Partner bede for i forbøna.

Arrangement:

Soknepresten vår Lars Arne Vik, har i løpet av året invitert til 8 musikalske føremiddagstreff i kyrkja midt i veka og 6 tema-, kyrkjelyds- og songkveldar.

Sokneprest Roar Strømme har invitert til 4 samlingar med kyrkjeklubb for psykisk utviklingshemma. Me er mange som set stor pris på desse møtestadene som etter kvart er faste innslag i kyrkjeåret.

Konsertar i Øystese kyrkje:

28.09: Jubileumskonsert
15.12 og 16.12: Julekonsert med Hugsamklang
19.12: Julekonsert med Øystese Skulemusikklag
23.12: Julekonsert med Kvammakoret

Trusopplæring i Øystese i 2018

Søndagsskule:

Kari Furnes Aalvik har tatt på seg å starta opp søndagsskulearbeidet igjen! Ho og medhjelparane har inviterer til 3 samlingar pr. semester i møterommet, bårhuset.

Krølletreff:

I mai var det Krølletreff for 3-åringar. Eit kjekt arrangement der borna får høyra bibelforteljinga om Den bortkomne sauene, helse på eit levande lam som Sidsel Iren Neteland Linga har med seg, og eta graut til kvelds. Heile 22 born kom, det var 77% av dei inviterte.

4-årsbok:

Flott oppmøte med 22 born (96% av dei inviterte). Det ei fin gudsteneste med heile 7 døypte. Det gjekk fint! Høgtidsstemte born og fin forsamling!

6-årsbok/1.klassesamling:

Berre 6 born kom (33% av dei inviterte). Borna fekk syngje, høyre bibelforteljinga om «Jesus går på vatnet» og Lars Arne fortalde om og viste dåp. Dei fekk også eta pølse i brød og skriva namna sine på eit hjarta som me hang opp i kyrkja.

Legoklubben:

Dette er eit nytt trusopplæringstilbod. 2. Trinn får koma til Øystese bedehus. Dei får høyra bibelforteljing, byggja bibelforteljinga i lego og eta kveldsmat i lag til slutt. Stort engasjement blant borna! 17 born kom (68% av dei inviterte).

Tårnagent:

Dette er eit samarbeidstiltak mellom Øystese og Norheimsund. 19 born deltok, 9 frå Øystese og 10 frå Vikøy. Ein fin og kjekk dag for borna der høgdepunktet var turen opp i klokketårnet! Dei fekk pizza frå Alpino.

Lys Vaken:

Tiltaket vart arrangert i Norheimsund kyrkje, men er eit samarbeid mellom Øystese og Norheimsund. 22 born kom, 7 av dei frå Øystese. Det var fleire som vart sjuke, så 3-4 fleire born frå Øystese var påmeldt. Borna sovna etter godnatt-songar. Måltid, program og aktivitetar gjekk fint, og borna fekk med seg mange gode opplevingar!

Kyrkjekino:

Dette tiltaket er flytta til 7. trinn, difor var det ikkje kyrkjekino i 2018.

Elles:

Babysong går sin gong i Norheimsund kyrkje, med 5-10 deltakarar frå Øystese kvar sesong.

Småbarnstreffa er også innarbeidde i Norheimsund kyrkje. Med innslag frå Øystese innimellom. Dette er eit tilbod til vaksne som er heime med born på dagtid, følgeleg stor utskifting av deltakarar. Programmet er songstund for borna med Olav Skeie Lid, lunsj og leik til slutt. Tilbodet er annankvar onsdag kl. 10-12.

31. oktober var det **HalloVenn** i Norheimsund kyrkje for alle born i Kvam (5 – 10 år spesielt inviterte). Heile 160 born kom for å få eit alternativt tilbod til «halloween-feiringa». Her vart det 17.mai og karneval på ein gong, med andakt og song i starten. Det var 14 stasjonar med aktivitetar og kafè.

Barnekora:

Soknerådet er svært takksame for at det vart tilsett ny dirigent for barnekora. Ho heiter Eirin Beate Åserud-Løvlid. Oppgåva hennar er å dirigera barnekoret for born opp til 4. klasse og aspirantkoret for barn 5. til 7. klasse. Me set stor pris på dette arbeidet, og gleder oss over at kora deltek på gudstenester og syng m.a. på Mikkjelsflaten og Øysteseheimen.

Kyrkjemusikk:

Kyrkjemusikarane har sett i gang arbeid med å utarbeida Plan for kyrkjemusikk, slik Kyrkjerådet har vedteke. Planarbeidet er drøfta i soknerådet, og me er i dialog med organisten.

Diakoni:

Diakoniplanen vart vedteken i dei fire sokneråda i mars 2018. Planen vart også vel motteken av biskop Halvor, og vart eit sentralt tema under bispevisitasen. I ettertid vedtok bispedømmerrådet at kyrkja i Kvam får disponera ledige lønsmidlar til ein stilling som prosjektdiakon, under føresetnad at vi klarer ei eigenfinansiering for deler av stillinga. Det er difor sett i gang arbeid med å etablere ei gjevarteneste for denne delen. I november møttest sokneråda og staben til eit miniseminar om kva oppgåver me ønskjer for ei diakonstilling og korleis ei diakonstilling skal utformast. Vetle Eide Karlsen skal ha stor takk for inspirasjonen me fekk. Seinare vart det utlyst ei 50% stilling over 3 år, men diverre utan å få søkjarar.

Det vert no arbeidd med å finansiera og utlysa ei 100% stilling, men over kortare tidsrom, avgrensa av økonomiske rammer i fellesrådet.

Konfirmantarbeid:

Det var 19 konfirmantar i Øystese sokn året 2017-18. Ansvar for dette utfordrande og viktige arbeidet har sokneprest Lars Arne Vik. Soknerådet arrangerte ein fin konfirmantfest rett etter samtalegudstenesta 22.april.

Fasteaksjon 2018

Fasteaksjonen vart gjennomført på ein god måte 20.mars. Innsamlarane – konfirmantar og sjåførar - vart takka med bollar og saft i bedehuskjellaren då arbeidet var gjennomført.

Tal på konfirmantar kan variera betydeleg frå år til år, og det er ei utfordring å kunna rekkja over alle rodane under innsamlingsaksjonen. Me har fått med oss andre frivillige og har også lukt å få med fjordårskonfirmantar. Dette året vart det samla inn kr. 33.057,- (45.945,-)

Kyrkjebygget:

I 2018 vart modellen av gamlekyrkja plassert i glasmonter(jubileumsgåve frå Kvam herad) under den gamle altertavla.

Det er lagt ny tilførsle til fontena på kyrkjegarden.

Dugnadsgjengen med Lars Froestad i spissen, utførte malingsarbeid på kyrkjebenkane.

Elles er det kontinuerleg utbetring og oppgradering av inventar og interiør.

Kvam kyrkjelege fellesråd har laga ei prioriteringsliste for utbetring av kyrkjehusa.

Opprusting av prestesakriet er no nært føreståande. Utvendig maling er også prioritert og sett av midlar til.

Nytt bårhus på Øystese kyrkjegard:

Bårhuset stod ferdig i september 2018, etter ein 25-årig prosess! Eit flott og teneleg bygg!

Personalsituasjonen 2018:

Kyrkjeverje/dagleg leiar:	Olav Skeie Lid.
Kontorsekretær/sakshandsamar:	Anne Kari Sørheim
Kateket:	Marna Roer, sa opp si stilling 1. august 2018. Daniel Gammelsæter vart tilsett som vikar fram til 31.12.2018, då byrja dagens kateket: Solomampionona Andriamandimby.
Kyrkjelydspedagog:	Solveig Sangolt, fast tilsett
Organistar:	Margrete Lid Kjosås og Sevi Asgarova. Margrete var i permisjon fram til 1. august, tilbake i 80% stilling no. Sevi gjekk ut i ny permisjon sommaren 2018, og er ute heilt fram til hausten 2019. I hennar stad arbeider i dag Astrid Gjestvang.
Kyrkjetenar:	Monica Sørstømme Skogvoll. Ho er sjukmeld i deler av stillinga si, og Arvid Strømme har difor i stor grad fungert som kyrkjetenar i Øystese sokn heile 2018.
Arbeidsleiar på kyrkjegarden:	Heine Ugletveit

Takk til denne flotte staben, takk for arbeidet de gjer for kyrkjelydane våre!

Sokneprest i Ålvik og Øystese: Lars Arne Vik

Sokneprest i Vikøy og Strandebarm: Roar Strømme (vikarierende sokneprest)

Vikarprest: David Vogel.

Soknerådet vil takka dei for omsorgsfull presteteneste!

Soknerådsmedlemene tek oppgåva som kyrkjevartar etter tur.

Soknerådet vil også i år takka klokkarteamet - Helga Vestrheim Tolo, Wenche Øystese, Jarle Sortevik, Helga Allmenning og vikar Hans Atle Soldal - for frivillig innsats på gudstenestene. Klokkarane gjev løna til foreldregruppa for ungdomskoret!

Takk også til pensjonert prost Arne O. Øystese for teneste i Øystese kyrkje dette året.

Samarbeid med Øystese indremisjon

I bygda vår har det vore lange tradisjonar for samarbeid mellom kyrkja og indremisjonen.

Dette ønskjer me å halda fram med.

Me vil også hjelpa kvarandre til å sjå heilskapen i det kristne arbeidet i bygda og stå saman om å byggja gode fellesskap og møteplassar.

Me er stolte over det mangeårige samarbeidet om å løna ein tilsett ungdomsarbeidar. Vidar Sangolt og alle hans medarbeidarar har også dette året gjort ein framifrå innsats i Ungdomskoret, Origo og KRIK! Soknerådet og ØIM arrangerte juletreff i bedehuset 6. juledag.

Sluttord

2018 har vore eit ekstra løft for kyrkjelyden, med jubileum og bispevisitas. Medlemene i soknerådet har vore svært kreative og arbeidsvillige gjennom eit innhaldsrikt og spennande år. Me er stolte over å kunna sjå tilbake på minneverdige og oppbyggjelege samlingar, der heile bygda har teke del og vore med å skapa fest og fellesskap. Me vil på ein særleg måte takka soknepresten vår, Lars Arne Vik, for uredde og spenstige initiativ som førte til m.a. gudsteneste på gamalt vis og ei lang rekke framifrå tilskipingar gjennom året!

Soknerådet vil også takka alle dei trivelege menneska som har tatt del i arbeidet dette året.

Me set også svært stor pris på det gode samarbeidet me har med frivillige lag og organisasjonar i bygda!

Takk for bidraget ditt, både med pengar, forbøn og tid -og med deg sjølv når du møter til gudsteneste.

Velkomen til Øystese kyrkje vidare i 2019!

Soli Deo Gloria!

På vegne av soknerådet, 05.03.2019

Oddvar Ulltang

Leiar